

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga  
 Sak nr.: 16/4355-1

### **Skiping av "Forum for grøn energi"**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
 Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
 Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek orienteringa om skiping av «Forum for grøn energi» til vitande.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Bakgrunn**

Fylkestinget gjorde i sak 49/15, som omhandla vidareføring av og val til petroleumsrådet, mellom anna følgjande vedtak:

*«Fylkestinget ber om at arbeidet som er i gang med å få etablert energiforum/energiråd, med mandat om å arbeide for å styrke industriell utnytting av energiressursane i Sogn og Fjordane med hovudvekt på fornybare energiressursar, vert lagt fram som sak.»*

13. april i år vart dette drøfta i fylkesutvalet. Utvalet konkluderte då med at det nye forumet/rådet bør etablerast uavhengig av Petroleumsrådet.

### **Kva har skjedd sidan?**

Torsdag 21. april vart det halde årsmøte i «Vindkraftforum Sogn og Fjordane», som vart skipa i 2010. Møtet var også skipingsmøte for «Forum for grøn energi». Reint teknisk er sistnemnde ei vidareføring av førstnemnde, men med eit utvida mandat som følgjer av namneskifte og endra vedtekter.

På skipingsmøtet vart desse valde til styret for 2016:

*Geir Arne Solheim, Havkraft - styreleiar  
 Elisabeth Bøe, Sogn og Fjordane Fylkeskommune sitt hydrogenprosjekt/UWC Connect  
 Kjell Johnny Kvamme, Sunnfjord Energi AS  
 Magne Hjelle, Fjordvarme AS  
 Bjarte Skår, Brødrene Dahl AS*

Fylkeskommunen får ei observatørstatus i nemnde styre. Fylkesrådmannen legg til grunn at vi her vil stille med ein frå administrasjonen (Nærings- og kulturavdelinga). Vedkomande bør kunne vere «tett på» arbeidet i styret.

Forum for grøn energi Sogn og Fjordane er ein frittståande og sjølvstendig interesseorganisasjon som har som overordna mål å auke verdiskaping knytt til planlegging, utbygging, drift og bruk av

fornybar energi i Sogn og Fjordane, samt legge til rette for teknologiutvikling knytt til fornybar energi.

Forumet er ein medlemsorganisasjon som i prinsippet er ope for «alle» som deler målsettinga, det være seg verksemder, organisasjonar, kompetanse- og utdanningsinstitusjonar, regionale utviklingsaktørar, finansinstitusjonar, offentlege instansar og privatpersonar.

Som det går fram av orienteringa til fylkesutvalet 13. april, vil arbeidsforma til «Forum for grøn energi» vere inspirert av modellen for IT-forum. Ut frå ein slik modell vil det være sannsynleg med fleire delprosjekt med varierende intensitet og storleik. Breibandforum og (tidlegare) større EU- prosjekt er døme på slik ekstraordinær innsats styrt av interesser, aktualitet, etc.

Fylkeskommunen har i budsjett 2016 (tenesteområde 7012, energi) teke høgde for å stø etablering av eit slikt forum.

Fylkeskommunen deltok på skipingsmøtet med både politisk og administrativ representasjon. Fylkeskommunen har delteke i drøftingane fram mot skipingsmøtet og stadfesta i møtet at dette er eit organ ein har forventningar til og eit arbeid ein ønskjer å delta i. Forumet vart oppmoda om å rådgje og å løfte fram aktuelle problemstillingar for politisk side.

### **Vidare framdrift**

«Forum for grøn energi» held no på med strategiutvikling. Dei ser for seg å presentere seg for politikarane våre på politikardagen 30. mai 2016.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)